

## KLASSISK, FOLKEMUSIK

# Lågmælt einsemd

Beethoven i ekte samspel.

## KLASSISK

LUDVIG VAN BEETHOVEN:

### Sonatar for klaver og cello, Sonate for klaver og horn

BJØRN SOLUM, CELLO, STEINAR



GRANMO NILSEN,  
NATURHORN,  
KRISTIN FOSSHEIM,  
FORTEPIANO. 2L 2012

**Jamføring:** du Pré/  
Barenboim (EMI 1970)



Historisk fundert: Steinar Granmo Nilsen spelar Beethoven på naturhorn. Foto: Morten Lindberg

Med dette albumet komplette-  
rer pianisten Kristin Fossheim  
og cellisten Bjørn Solum innspelinga si av Ludvig van Beethovens (1770–1827) cellosonatar. Me opplever godt samspel i den lågmælte opninga av *Sonate for klaver og cello i g-moll, op. 5 nr. 2* – ikkje berre blandar celloen seg godt med den lyse og sprø fortepianoklangen, i partia som er komponerte som likeverdige dialog, er det òg nok friksjon og fraseringsmessig usemje

til at samtalen blir interessant. Det er meir driv enn dveling enn i mange andre innspelningar, som om musikarane ser det frå eit 1700-talsperspektiv, ikkje frå det rausare romantiske frå 1800-talet. *Sonate for horn og klaver i F-dur, op. 17* finst her òg, med Steinar Granmo Nilsen på naturhorn – eit historisk horn utan ventilar, som høver godt til Fossheims fortepiano frå 1790. Særleg den stutte andresatsen *poco ada-*

*gio, quasi andante* treffer affekten: Med horntemaet som truleg refererer til arien *Don Giovanni! a cenar teco m'invitasti* frå Mozarts opera, er den tragisk-heroiske stemninga sett, og me gjenopplever den fællege scena der den daude kommandanten stig opp or grava for å henta den overmodige helten.

**SJUR HAGA BRINGELAND**